

# JUDITTA I TREA – OG ÅKLEET HO VOV

FRÅ EI TID MED SJØLVBERGING SOM LEVEMÅTE



Av Gunvor Dagny Berge

*Med lågmælt røyst fortel eit gammalt åkle om livet slik det i lang tid har vore for mange busette ved havet. Åkleet er vove av Juditte Oline Augustinsdatter Liset Hovden (1845–1933). Då ho levde vart heimevovne tepper av ull brukt til sengklede, og til å halde varmen i dei opne båtane. Heimevove ty var òg vanleg til dei heimesydde kleda, for kjøpety var dyrt.*



«Juditta i Trea-åkleet» måler 113x160 cm og er vove av handspunne og plantefarga ullgarn, på renning av maskintilverka lin eller hamp. Hovudintrykket er eit tverrstripa åkle med falma mosegrøne og rosa fargar. Ved å pirke i det, inn mot renninga, ser ein klarare fargar: svart, kvitt, gult og rødt. Den mosegrøne fargen dominerer, den som opphavelg har vore svart. Øvst og nedst er det vove inn nokre cm ufarga ullkvit tråd og dette feltet er rulla inn og samansydd til ein langsgåande valk. Denne kanten er litt rakna og til dels reparert,

«Juditta i Trea-åkleet» er truleg rundt 150 år gammalt, og fortel om ei tid då sjølvberging var levemåten for folk flest. Det meste var heimegjort, og kunnskap og kompetanse vart nedarva gjennom generasjonane.



*Gamla smørtine (smørambar) frå 1819. Saman med denne smørtina er det teke vare på eit brev som er stila til Oddlaug Berge: «Til Oddlaug Berge. Denne gamle smørkanna hadde Juditte Hovden med seg heiman frå Liseth. Ho gav den til Alette Hovden, for at ikkje den skulle verte brent. Dette var underskrivne si mor, som no gjev den til si svigerdotter, til odel og eige. – Så kjem den rett attende til den opphavlege slekt. Bolette Berge»*

elles er åkleet lite slite og i god stand. Det er vove med tverrstriper i to smale lengder og dei to delane er sydd saman langs midten slik at tverrstripen stemmer så godt som råd. Av bruk og vask har krymping gjort åkleet tett, tungt og ekstra varmt.

### **EIT ÅKLE BLIR TIL**

Ein kan sjå for seg Juditta som startar arbeidet med åkleet ved å sortere ulla etter klipping av sauene. Kvitt og rein ull av same kvalitet måtte leggjast for seg, for denne kvaliteten var eigna til farging, om ho ville ha lyse eller klare fargar. Til svartfarga garn gjekk det greitt å blande inn både grå og brunsvart ull, om ho ved kardinga fekk til nokolunde jamn farge. Ferdigkara ull kunne ho gjere klart før det verdifulle dagslyset vart vekk. Fordi handlaget til spinning er viktigare enn synet, kunne ho nytte skumringstida til å spinne. Tranlampa, oljelampa og stearinlysa måtte det sparast på.

Mange gonger måtte ho sette seg til rokken for å spinne og passe på at garnet vart like tjukt og med like sterk snu kvar gang. Deretter måtte to eller fleire trådar tvinnast. Gang på gang tok ho tråd frå snella og kveila den om hespetreet. Mang ei hespe måtte lagast. Det er ikkje sikkert ho spann alt garnet som trongst til åkleet før ho tok til med vasking og plantefarging. For om ho hadde rikeleg med garn til ein av fargane, kunne ho farge dette garnet ferdig når det var vær og høve til det. Plantar til farging samlar ho helst før Jonsok, til farging straks, eller ho tørka dei til seinare bruk.

Til vasking av garnet og til farginga trongst oppvarma vatn, og etterpå rikeleg med vatn til å skylje. Både tid og ved kunne sparast om ho nytta høvet når ho likevel hadde god fyr i omnen. Til å hente vatn i brønnen brukte ho vassele (åkk) slik at ho kunne ta med seg to bøtter om gangen. Til skyljinga var det enklare å ta med seg garnet til elva i Dal, slik det var vanleg å gjere med klesvasken.



Juditta i Trea – henta frå boka «*Oppvekst ved havet, levkår i eit øysamfunn i Sunnfjord*» av Solveig Nes.

## PLANTEFARGING

Før ho la garnhespene ned i det varme vatnet med planteavkok, hadde ho «beisa» garnet i eit varmebad, for å få fargestoffa til å feste seg. Ho var truleg kjent med alun, eit fargelaust mineral i pulverform, som førebur garnet slik at ein kjemisk reaksjon får fargen frå planten til å bli varig. Alun måtte ho kjøpe. Det finns planteslag med liknande verknad. Kvart av bada tek ein times tid, og garnet må jamt vendast roleg, og ombindinga må flyttast nokre gonger. Ombinding var trådar rundt garnhespa, for å halde den saman. Desse måtte flyttast fleire gonger under prosessen, for at fargestoffet skulle kome godt nok til.

Kvit ull hadde ho. Dernest var gul farge den billigaste, for røsslyng eller bjørkelauv kunne ho lett skaffe sjølv. Også andre norske plantar kan gje ekte gulfarge. For å få til rød farge, måtte ho kjøpe utanlandsk plantefargestoff. Krapprot som var tørka og pulverisert var mykje brukt. Svartfargen i åkleet går i retning av mosegrøn, noko som tyder på at tråden har vore farga med svorte, jernhaldig jord. Slik jord er registrert på øya. Jernstøv frå slipesteinen kunne også brukast. Ved bruk av svorte trongst «beising» med ein plantedel som inneheldt mykje garvesyre, til dømes orebork. Jern og garvesyre reagerer kjemisk til svart farge. Erfaring og godt skjønning er avgjerande, for manglande måtehold med desse ingrediensane kan få tråden til å forvitre. «*Juditta-åkleet*» viser ikkje teikn til slik forvitring, så dette kunne ho.

På Juditta si tid var det råd å farge svart om det utanlandske blåfargestoffet indigo vart nytta til eit av fleire fargebad. Indigo må gjennom ein kjemisk prosess der gjæra urin var vanleg amatørmetode, omtala som potteblått. Etter ei engelsk oppfinning i 1856 var det, truleg frå 1870-åra, råd å få kjøpt kjemiske fargar i Norge. Men det tok fleire ti-år før denne fargen var ekte nok, utan å «blø» eller falme mot annan farge. Juditta klarte seg med alun, røsslyng eller bjørkelauv, krapp, t.d. orebork og svorte.

## TID FOR VEIVING

Innan ullgarnet var klart, var det tid til å lage renning av lin- eller hampegarn. Denne må ho ha kjøpt, for renninga er så jamn at den må vere maskintilverka. Jamn avstand mellom renningstrådane og parallelle innslag tyder på at det må ha vore brukt flatvestol, med innvendig bredde på minst 70 cm. Etter å ha laga renninga og tredd i sveipsekeia, fekk ho nok hjelp, f.eks. av nabokona, til å sveipe på renninga. Når trådane var tredde i hovold og skei, og knytte fram på stokken, knytte ho trådar mot trøene. Teknikken toskaft (lerret) var nytta, den enklaste vevemåten, der trådane kryssar kvarandre på kun to måtar.

Trådspolar til skyttelen måtte lagast, og så kunne vevinga starte. Stripene i mønsteret måtte ho måle etterkvart og notere. Vevinga måtte gjerast så jamn som råd, med like faste tilslag heile vegen og like breie striper. Ho vov dobbel lengde, og klypte av på midten. Deretter vart dei smale



Bildet viser ein båt av den typen Samson kunne ha brukt. Slike opne båtar (femkeipingar) var vanlege mellom fiskarbøndene her på kysten sist på 1800-talet, før det kom motor i båtane, etter 1900. Denne femkeipingingen høyrde heime i Vågsøy. Bildet er henta frå «Norsk Maritimt Museum».

lengdene sydde saman til eit teppe slik at stripene stemde så godt som råd. – Då først var «Juditta i Treå-åkleet» ferdig.

### **EI KVINNE AV KYSTFOLKET**

Juditta voks opp på eit småbruk på Liset, vest for Kalvåg i Bremanger. Ho gifta seg med sambygdingen Samson Sørensen Hovden (1841–1896), og dei vart buande på søre bruket i Hovdetre på øya Hovden. Som far til Juditta dreiv også Samson fiske. Dei brukte opne robåtar med mast for segl, og «båtroya» var god å ha.

Juditta og Samson fekk barna: Søren Paul Mathias (1867–1915), August Johan (1869–1904), Olai Andreas (1872– ), Kristoffer (1874–1965), Oleana (1877– ), Sivert Johannes (1881–1961), Synneva Alette Marie (1885–1932). Samson omkom på sjøen då han var 55 år. Juditta var enke i 37 år, i ei tid då det var mannen som skaffa inntekt.

Boka «Oppvekst ved havet, levekår i eit øysamfunn i Sunnfjord» av Solveig Nes (Bergen, 2000), har gjeve Juditta omtale som ei dugande og viljesterk kvinne, svært slektskjær og gjevande.

På nabobruket i Hovdetre finns det i dag ei lagga og fint utskore smørtine (smørrambar) som ho ga til kona der, Alette Ragnhild Ytrehus Hovden (1868–1952).

«Juditta i Treå-åkleet» var i lang tid på Gjerde i Barestad, sør på øya Hovden. Truleg kom det dit direkte frå Juditta til sonen August Johan Baresten som budde der. Huset vart heimen til dottera Dikka Mathilde Augustdatter Gregoriussen f. Baresten (1895–1931). Min morbror Kåre Gregoriussen (1922–2011) var den av borna hennar som lengst vart buande i huset. Slik gjekk det til at eg som tippoldebarnet til Juditta, arvar åkleet hennar, frå min morbror.

Åkleet er eit minne og ei påminning om at det er berre få generasjonar sidan livsvilkåra var heilt annleis i vår del av verda. Kunnskap om dette gjev oss grunn til å vere takksame.